



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	30.09.2024
Møtetid:	09:00 - -14:15
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Per Lerøy	leder	AP	
Bjarte Næss	medlem	SP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Lisbeth Oen	medlem	INP	
Linda Brandtun	medlem	U	
Inger Lise Brekke	medlem	H	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Helge Dyrkolbotn	MEDL	U

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ingeborg Lohne Hordvik	Helge Dyrkolbotn	SAM	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Trine Merete Jansen	Kommunalsjef
Hege B.Sætre	Einingsleiar
Rigmor Ludvigsen	Leiar Frivilligsentralen
Bjarte Rosenlund	Kommunalsjef
Åshild Sandvin Olsson	Demenskoordinator

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utval sleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 29/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 30/2024	Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. august 2024	
PS 31/2024	Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august	
PS 32/2024	Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen	
PS 33/2024	Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir	
PS 34/2024	Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet	

PS 29/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 29/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

I dette møtet hadde Helge Dyrkolbotn forfall, Ingeborg Lohne Hordvik møtte som vara.

Utvalseiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 29/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 30/2024 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. august 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 26. august 2024 vert godkjent.

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 30/2024 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. august 2024:

Linda Brandtun etterlyste meir innhald i referatet frå enkelte saker i sist møte.

Administrasjonen svara at det framover vil verta referert mindre frå diskusjonen i den enkelte saka.

Utvalsleiar Lerøy sa at det viktigaste er at vedtaket kjem tydeleg fram, og la til at dersom ein representant ønskjer det, kan ein be om at ein kommentar vert protokollført.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 30/2024 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. august 2024:

Møteprotokollen frå 26. august 2024 vart godkjent.

PS 31/2024 Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tar orienteringane til vitande

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 31/2024 Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august:

Orienteringssaker:

(Presentasjonar blir lagt ved møteboka, for dei orienteringane som var gitt som presentasjon)

- Prosessen for utarbeiding av temaplan helse, ved kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy
- Helse- og omsorgstun – statusoppdatering ved kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy
- Tenester til heimebuande, ved einingsleiar Hege B. Sætre
- Orientering om Frivilligsentralen, ved leiar Rigmor Ludvigsen
- Arbeid/strategi for bruk av tilvisingsavtale (bustader med Husbankfinansiering), ved kommunalsjef Bjarte Rosenlund
- Status barnehagane, mellom anna bemanning og sjukefråvær, ved kommunalsjef Trine M. Jansen
- Status skule, mellom anna pågåande prosjekt, møblering, basseng, problem med hærverk, ved kommunalsjef Trine M. Jansen

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 31/2024 Orienteringssak - Informasjon til Levekårsutvalet 26. august:

Levekårsutvalet tok orienteringane til vitande

PS 32/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet støttar forslag til samarbeidsavtale slik den føreligg.

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 32/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen:

Åshild Sandvin Olsson orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 32/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen:

Levekårsutvalet støttar forslag til samarbeidsavtale slik den føreligg

PS 33/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet støttar at Arbeids- og aktivitetssenteret held fram i noverande lokale og sluttar seg til framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 33/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Utvalsmedlem Inger-Lise Brekke, som har leia gruppa som har jobba med denne saka, orienterte om arbeidet dei har gjort.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 33/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir:

Levekårsutvalet støttar at Arbeids- og aktivitetssenteret held fram i noverande lokale og sluttar seg til framlegg til vedtak.

PS 34/2024 Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet kjem med framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 34/2024 Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet:

Det vart diskutert rundt at det er komme endringar i mandat/regelverk frå det som var vedteke 21. september 2023, til det som så vart vedteke i siste oppdatering av politisk reglement, i kommunestyret 20. juni 2024. Det var semje om at det er gjort noko feil der, og at dette må rettast.

Mandat/reglement vart gjennomgått, og det er sett opp eit nytt framlegg som kan sendast til handsaming og vedtak i formannskap og kommunestyre.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 34/2024 Gjennomgang av mandatet til Levekårsutvalet:

15. Særskilde regler for levekårsutvalet

Levekårsutvalet er oppretta i med hald av kommunelova §5-7.

Reglane nedanfor gjeld berre levekårsutvalet og utfyller dei generelle reglane som går fram av reglementet elles (kap. 1-8).

15.1. Val og samansetjing

Levekårsutvalet følgjer kommunestyret sin valperiode og vert vald for fire år.

Levekårsutvalet er samansett av 7 medlemmar som vert vald av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar. Leiar må vere fast medlem av kommunestyret og er saksordførar i saker for kommunestyret.

Formannskapet kan kalla inn leiar til saksordførar for saker som skal handsamast i formannskapet.

15.2. Arvbeidsområde

- a) Levekårsutvalet er kommunen sitt utval for handsaming av saker innan helse og velferd, sosialtenesta, førebyggjande helse, folkehelse, skule, barnehage, barnevern og kultur.
- b) Levekårsutvalet er styringsgruppe for planar, viktige politiske saker og utviklingsarbeid som ligg under ansvarsområdet til utvalet.
- c) Levekårsutvalet handsamar planar og føreseigner innanfor ansvarsområdet sitt.
- d) Levekårsutvalet er rådgevande organ og årsmøte for Austrheim Frivilligsentral. Utvalet skal handsame framlegg til budsjett, årsrekneskap og årsrapport. Tildeler øyremerka tilskot. Fastset retningslinjer for korleis aktivitetane skal drivast og skal ha framlagt årsplan/aktivitetsplan for frivilligsentralen.
- e) Levekårsutvalet tildeler tilskotsmidlar, kulturmidlar og tildeler kulturpris. Kulturprisen vert delt ut på eit eigna arrangement.
- f) Levekårsutvalet fastset retningslinjer og peikar ut eit kultur-, fritids- og idrettsforum. Dette forumet er høyrings- og uttaleforum i saker som påverkar kultur, fritid, frivilligheit og idrett.

I tillegg kan kommunedirektøren leggje fram andre saker for utvalet innan feltet.

15.3. Mynde

Levekårsutvalet er tillagt mynde slik det går fram av delegeringsreglementet - så langt som lova tillet, og med dei avgrensingar som er nemnd i delegeringsreglementet vert kommunestyret sitt mynde delegert etter dei respektive lovene til utvalet.

Levekårsutvalet skal handsame og innstille for kommunestyret i saker som etter lova eller delegeringsreglementet skal avgjerast av kommunestyret sjølv. For saker som har økonomisk innverknad innstiller levekårsutvalet til formannskapet.

Utvalet kan uttale seg i alle saker som har påverknad for oppgåver og verksemd innanfor ansvarsområdet sitt, med det også å gje høyringsuttalar.

Utvalet kan ikkje sjølv opprette arbeidsutval

Utvalet kan ikkje delegere vedtaksmynde til utvalsleiar

15.4. Innstilling/vedtak

Levekårsutvalet har innstillingsrett i følgjande saker:

- Saker som har økonomisk innverknad innstiller utvalet til formannskapet
- Andre saker innan utvalet sitt område som må avgjerast av kommunestyret
- Levekårsutvalet tildeler Kulturprisen

Utvalet har vedtaksmynde i eigne saker.

15.5. Møte/sekretariat

Levekårsutvalet held møte etter vedteken møteplan og elles når leiar eller minst 1/3 av medlemmane finn det naudsynt.

Fristen for at sakene skal vere utlagt og tilgjengelege på nettet, er 1 veke.

Møta skal haldast for opne dører. Når omsynet til personar eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det, kan utvalet vedta å føre saka for stengte dører, jf. kommunelovas §11-5.

Kommunedirektøren eller den han peikar ut tek del i utvalet sine møte med møte og talerett, og med ansvar for saksutgreiing og tilråding til utvalet.

Det skal førast protokoll i møta. Protokollen skal sendast til medlemmene og varamedlemmane som har fått innkalling, og andre som har møterett.

Sakshandsamingsreglane i kommunelova sitt kapittel 11 gjeld for levekårsutvalet.

